

Regionsenter for husflidnæring

RSM Avd Voss
Postboks 136
5701 VOSS

Bergen/Voss, 14.10.2014

Uttale til årsavslutning 2013 for Regionsenter for husflidnæring

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av årsrekneskapen for Regionsenter for husflidnæring for året som vart avslutta den 31. desember 2013. Føremålet er å kunne konkludere på om rekneskapen i det alt vesentlege gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Me stadfestar etter beste evne og overtyding at:

Rekneskap

Me har oppfylt ansvaret vårt for å sjå til at selskapet sin rekneskap og formuesforvaltning er underlagt tilfredsstillande kontroll, inkludert slik intern kontroll som me finn naudsynt for å gjera det mogeleg å utarbeida ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil. Me har vidare oppfylt vårt ansvar for utarbeiding av rekneskapen, og meiner at rekneskapen gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Viktige føresetnader som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapsestimat, inkludert rekneskapsestimat målt til verkeleg verdi, er rimelige.

Me har teke tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om tilhøve til nærståande partar og transaksjonar med desse i samsvar med krava i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Det er ikkje hendingar etter rekneskapsavslutninga som fører til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i, årsrekneskapen eller notar til årsrekneskapen.

Me meiner at verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentlig, både enkeltvis og samla for rekneskapen som heilskap.

Opplysningar som er gjeve

Me har gjeve revisor:

- Tilgang til alle opplysningar som me har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen, som rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker
- tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
- uavgrensa tilgang til personar i selskapet som det etter revisor si vurdering er naudsynt å innhenta revisjonsbevis frå.

Alle transaksjonar er registrert i rekneskapspostar og reflektert i rekneskapen.

Me har gjeve revisor opplysningar om resultata av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalda vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd.

Me har gjeve revisor alle opplysningar om eventuell misleg framferd eller mistankar om misleg framferd som me er kjent med og som kan ha påverka selskapet, og som involverer:

- leiinga,
- tilsette som har ei viktig rolle i intern kontroll, eller
- andre der misleg framferd kunne hatt vesentleg innverknad på rekneskapen.

Me har gjeve revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om misleg framferd eller mistanke om misleg framferd som kan ha påverka selskapet sin rekneskap og som er kommunisert av tilsette, tidligare tilsette, analytikarar, tilsynsmyndigheiter eller andre.

Me har gjeve revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha påverknad for utarbeiding av rekneskapen.

Me har gjeve revisor opplysningar om identiteten til selskapet sine nærståande partar og alle tilhøve til nærståande partar og transaksjonar med desse som me er kjent med.

Me har på forsvarleg måte bokført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i notane til rekneskapen gjeve opplysningar om alle garantiar ovanfor tredjepartar.

Selskapet har tilfredsstillande heimel til alle eignedelar, og det er ingen pantsetjingar eller hefte på selskapet sine eignedelar, med unntak av dei som går fram av notane til rekneskapen.

Lise Finne

Dagleg leiar